

ÅRSMELDING 2020



**Kvinnherad
kyrkjelege fellestråd**



www.kvinnherad.kyrkja.no
www.facebook.com/kyrkjakvinnherad
www.instagram.com/kyrkjakvinnherad



Begge foto: Kjersti B. Boge

Innhald

1.0 Kyrkjevevje si innleiing	Side 2
2.0 Kvinnherad kyrkjelege fellesråd	Side 3
2.1 Fellesrådet sin samansetjing	
2.2 Kyrkjeleg fellesråd sine oppgåver	
2.3 Møter i 2020	
3.0 Stab	Side 6
3.1 Stab – Kvinnherad kyrkjeleg fellesråd	
3.2 Prestesituasjonen	
4.0 Økonomi	Side 8
4.1 Drift	
4.2 Vedlikehald kyrkjer	
4.3 Gravplassar	
5.0 Aktivitetar i 2020	Side 11
6.0 Årsmelding for trusopplæringa	Side 13
7.0 Sluttord	Side 16

1.0 Kyrkjevevje si innleiing

Kyrkjevevje legg med dette fram årsmeldinga frå Kvinnherad kyrkjelege fellesråd. Med berre desember 2020 bak seg som kyrkjevevje har eg nytta meg av kompetansen som fins i organisasjonen for å spegla dette året.

Som for samfunnet elles har 2020 også for kyrkja i Kvinnherad vore eit sær s spesielt år. Kyrkja har omstilt seg, flytta konfirmasjonar og laga digitale tilbod.

Det er krevjande å vedlikehalde og drifte ein organisasjon som vår. Ikkje minst gjeld dette bygningsmassen og anna eigedom som skal driftast. Til tross for avgrensa rammer får vi ofte gode tilbakemeldingar på at både eigedommar og bygningar ser velstelte ut.

Vi har nok over tid drifta fellesrådet for dyrt i høve til løyvingane frå kommunen og andre inntekter. Ved ein normalsituasjon utan vakanse og med normal aktivitet ville nok rekneskapen sett annleis ut og i 2020. Slik situasjonen er i dag har vi for store utgifter i høve til drifta vår. Dette fortel oss at vi i 2021 må arbeide for å betra den økonomiske stoda.

Kyrkja i Kvinnherad er heldige som har mange gode medarbeidarar. Kyrkjevevje vil difor nytte høve til å takka alle løna og uløna medarbeidarar for innsatsen i det spesielle året. «Alt skal bli bra» har gått igjen i mange media i 2020. Kanskje vert alt bra igjen i samfunnet der vi skal være kyrkje også i 2021?

Valen 18.03.21

Torstein Aarthun

2.0 Kvinnherad Kyrkjelege fellesråd

2.1 Fellesrådet si samansetjing

Kvinnherad kyrkjelege fellesråd er samansett av ein representant frå kvart sokneråd. I tillegg er ein representant oppnemnd av biskopen og ein representant utpeikt av Kvinnherad kommunestyre. Leiar og nestleiar skal veljast kvart år. I 2020 har Terje M Enes vore leiar og Liv Slettemark har vore nestleiar.

I valperioden 2019-2023 har fellesrådet fylgjande samansetning:

Namn på representantar	Sokneråd
Janicke Eide	Fjelberg og Eid
Tone Boland Johansen	Hatlestrand
Liv Slettemark	Husnes og Holmedal
Ingo Bewer	Kvinnherad
Eli Roseth Eik	Uskedal
Haktor P. Aakre	Varaldsøy
Terje Enes	Ænes
Grethe Marion Revne	Ølve
Oddrun Berge	Åkra
Svein Arne Theodorsen	Biskopen
Torgils Samland Våge	Kvinnherad kommune
Namn på vararepresentantar	
Kristin Isdal Eide	Fjelberg / Eid
Solgunn Lyhammer Ask	Hatlestrand
Toril Byrkjeland Tjelmeland	Husnes / Holmedal
Leiv Magne Siqveland	Kvinnherad
Sigmund Myklebust	Uskedalen
	Varaldsøy
Kari Eikeland Enes	Ænes
Airin Helen Zimmer	Ølve
Erik Johan Furdal	Åkra
Jan Ove Totland	Prestane
Lise Røyrvik	Kommunen

2.2 Kyrkjeleg fellesråd sine oppgåver. (Kjelde: kirken.no)

Det er soknerådet som opptrer på vegner av soknet dersom ikkje anna kjem tydeleg fram i lova eller kyrkjeordninga. I kyrkjeordninga § 17 er det slått fast at kyrkjelydane gjennom fellesrådet skal samarbeide om visse oppgåver (innanfor kommunen). Dette gjeld:

- Administrative og økonomiske oppgåver, t.d. koordineringa av budsjettarbeidet på vegner av kyrkjelydane.
- Mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen. I dette ligg det bl a å koordinere planane kyrkjelydane har for si verksemd, og å sjå dette i høve til tilgjengelege ressursar.
- Arbeidsgivaransvar (tilsetjingar, ledelse, arbeidsmiljø, stillingomtalar osv.)
- Fremje samarbeid mellom sokna og ivareta ansvaret sokna har overfor kommunen.

Fellesrådet legg tilhøva til rette og hjelper til med å organisere arbeidet i kyrkja lokalt på ein best mogleg måte. Fellesrådet har på mange område fått fullmakt til å gjere sjølvstendige vedtak på vegner av sokna. Det vil utfordre sokna til samarbeid og kompromissløyseringar. Fellesrådet vil vidare vere viktig som talerøyr for den felles strategien i kyrkjelydane, og for prioriteringar og økonomi overfor kommunen.

Kyrkjeordninga § 17 gir desse konkrete oppgåvene til fellesrådet:

- Bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer, kyrkjeinventar og gravplassar.
- Framskaffing og drift av kyrkjelyds- og prestekontor.
- Framskaffing av lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring, også tilrettelegging for funksjonshemma
- Forvaltning av arbeidsgivaransvaret gjennom å
 - opprette/nedleggje stillingar
 - tilsette/seie opp arbeidstakarar
 - ivareta partsansvar (inngå og seie opp tariffavtalar)
 - ledelse og arbeidsmiljø
 - utøve styringsrett over felles ressursar.
- Forvaltninga av den felles økonomien
 - midlar frå kommunen
 - midlar/tilskot frå staten
 - tilskot frå bispedømerådet
 - midlar som sokneråda overlet til fellesrådet
 - inntekter og formue knytta til fond gaver, arv mv til kirkebygg, stillingar osv.
- Administrativ hjelp for prostens når staten gir tilskot til det.

2.3 Møter 2020

Kvinnherad kyrkjelege fellesråd har hatt 4 møter og handsama 18 saker i 2020. Fleire av desse sakene er faste saker som t.d årsmelding, budsjett og årsrekneskap. Av saker som er særskilde for meldingsåret kan nemnast tilsetjing av ny kyrkjevevje, oppretting av beslutningsorgan i samband med Covid 19-pandemien og at fellesrådet gjorde vedtak om minnelund ved Kvinnherad kyrkje. Fellesrådet har og gjort vedtak om å ikkje lenger ta ansvar for privat gravstell på gravplassane i kommunen.

Arbeidsutvalet arbeidde saman med avtroppande kyrkjevevje med å rekruttere ny kyrkjevevje/dagleg leiar. Stillinga vart utlyst i august med søknadsfrist medio september. Då søknadsfristen var ute hadde det meldt seg 5 søkjarar. Alle vart invitert til intervju. Torstein Aarhun fekk tilbod om jobben etter møtet i fellesrådet, takka ja og starta 1. desember.

Dette året har vore prega av at kyrkjevevje har vore mykje sjukmeldt, noko som i neste omgang har ført til at det har vore avgrensa møteaktivitet i rådet. Ut over dette har og pandemien avgrensa aktiviteten. Til tross for at vi har dyktige folk i staben vil ein alltid i ein slik situasjon prioritere å drifta organisasjonen medan utviklingsarbeidet gjerne vert sett «på vent».

Nytt av året er og at fellesrådet har nytta seg av digitale møter. Dette har og sin bakgrunn i pandemien. Ingenting kan erstatta fysiske møter, men når situasjonen vart slik var det eit godt alternativ som gav oss ein god erfaring.

3.0 Stab

3.1 Stab Kvinnherad kyrkjelege fellesråd

pr 31.12.2020

Det har vore nokre endringar i staben i 2020. Den største endringa var at Erling Niclasen slutta som kyrkjeverje og Torstein Aarhun tok over stillinga 1. desember 2020.

Pr 31.12 talde staben til saman 14,75 årsverk.

Administrasjon:

Torstein Aarhun	Kyrkjeverje/dagleg leiar	100 %
Ingrid Sundal	Konsulent	100 %
Grethe Svalland	Sekretær	60 % (+ 20 % gravstell / klokkar)

Kyrkjemusikk:

Eva Megyesi	Kantor	90 %
Marit V Lindekleiv	Organist	90% (+ 10% i trusopplæring)
Reidar Algerøy	Organist	60%

Gravplassmedarbeidar/kyrkjetenerar (større enn 20 % stilling) :

Alf Jarle Langeland	Fagarbeidar/Arbeidsleiar	100 %
Idar Bjørgen	Fagarbeidar	100 %
Helge Furdal	Fagarbeidar	100 %
Johannes Solheim	Kyrkjetenar/gravplassmedarbeidar /reinholdar	100%
Tone Boland Johansen	Kyrkjetenar/reinholdar/klokkar	42,5%
Jostein Bjørnevik	Kyrkjetenar/gravplassmedarbeidar	27 %

Anna kyrkjelydsarbeid:

Jan-Ove Fagerheim	Dagleg leiar kyrkjelydsarbeid	100 %
Oddbjørg Heimark	Kyrkjelydssekretær	100 %

Trusopplæring

Kristine Hestad	Einingsleiar trusopplæring	80 %
Toril Langeland	Trusopplæringsmedarbeidar	80 %

Ut over dette har vi 12 personar som har eit tilsetjingstilhøve på under 20 % i ulike roller. Dette gjeld t.d reinhold, kyrkjetenar og klokkarar.

Nokon har og arbeid i kyrkjeleg fellesråd utan fast stillingsprosent, men vert betalt for kvar utførte time.

3.2 Prestesituasjonen:

Kjersti B Boge og Jan Ove Anders Høines Totland har vore fast tilsette sokneprestar i heile 2020. I første halvdel av året vart prestetenesta prega av vikarar, gjerne frå teneste til teneste og veke til veke. Siste halvår har vi i Kvinnherad hatt ei fast vikarløysing med Åse Selsvold som vikar for sokneprest i Husnes og Holmedal sokn og Carsten Mrusek som vikar for sokneprest i Ænes, Åkra og Uskedal sokn. Dette har ført til fastare rammer rundt prestetenesta.

Oddbjørg Heimark har saman med Ove Tvedt hatt ansvar for konfirmantane som vart konfirmert i 2020 i Husnes og Holmedal sokn.

4.0 Økonomi

Kort fortalt kan ein dele fellesrådet sin økonomi i to deler. Drift og vedlikehald. Kommunen syter i tillegg til det vanlege driftsbudsjettet for at fellesrådet har pengar til rådvelde for vedlikehald av kyrkjene og gravplassane. Noko av dette er midlar som er øyremerka særskilde prosjekt. Andre er ein samlepott som fellesrådet disponerer og prioriterer.

I meldinga vil vi difor dele økonomirapporteringa på drift og på vedlikehald.

4.1 Drift

Fellesrådet har over tid slite med likviditeten. Problemet har vore gradvis aukande. Noko ligg heilt tilbake til vasslekkasjen på Aksen der vi fekk ein del ekstra utgifter. I tillegg kom vi i 2016 inn i nye lokale. Tenesteavtalen med Kvinnherad kommune vart då revidert og vi fekk såleis mykje større årlege utgifter utan at dette vart kompensert i overføringane frå kommunen.

Over tid har fellesrådet såleis opparbeida eit underskot som vi ikkje har klart å betale attende. I 2020 vart det gjort vedtak i kommunestyret om å ettergjje 2 millionar i allereie forskotterte midlar, men då med ein klar forventning om at driftsnivået nå vert tilpassa dei rammene ein har. Dette kan bli krevjande i åra som kjem om vi ikkje klarer å omstille drifta.

I utgangspunktet viste drifta i 2020 eit overskot på om lag kroner 400 000,- . I seg sjølv er dette eit flott resultat, men ikkje nødvendigvis i vår samanheng. Dette resultatet skuldast i hovudsak faktorar som vi ikkje ynskjer oss og som vi gjerne skulle vore forutan. Kyrkjeverje har stort sett vore sjukemeldt i heile 2020. Dette har ført til store sjukelønsrefusjonar. I tillegg har covid-19 pandemien gjeve store avgrensingar i kyrkjeleg verksemd. Dette har i neste omgang ført til reduserte driftskostnader. Det har mellom anna vore mindre utgifter til helg/høgtids-tillegg og oppvarming av kyrkjene.

Ved starten av 2021 oppdagar kyrkjeverje at det er store pensjonsinnbetalingar som manglar for fleire år tilbake. Etter samtale med revisor og rekneskapsførar får vi no ført det meste av dette på rekneskapen for 2020. Dette er utgifter som skulle vore betalt tidlegare år, og er såleis ikkje ei utgift som høyrer heime i 2021.

Resultatet vert då slik at vi treff rimeleg godt med rekneskapen for 2020 med eit overskot på under kr 100 000,- eller mindre enn 1% avvik frå budsjett. Men det er mange «men» her som gjer at vi må gjere økonomiske grep i åra som ligg framfor oss.

For detaljer viser kyrkjeverje til rekneskapen som vert lagt med årsmeldinga.

4.2 Vedlikehald kyrkjer

I investeringsbudsjettet til kommunen er det sett av ein sum til «vedlikehald kyrkjer». Dette er ein samlepott som fellesrådet rår over og prioriterer frå. Då 2020 har vore prega av vakanse har fleire prosjekt stoppa opp og nye har ikkje blitt sett i gang. Dette har i neste omgang ført til at det har vore relativt liten bruk av desse midlane i 2020.

Kyrkjeverje har tidlegare peikt på at minst ei kyrkje bør malast kvart år. I 2020 var det Valen kyrkje som vart malt. Dette vart gjort av tilsette i fellesrådet. Grunna nedstenginga av landet vart våren 2020 prega av minimal kyrkjeleg aktivitet. Difor vart det og mindre å gjere for mange av dei tilsette i kyrkja. Malingsarbeidet på kyrkja vart då eit arbeid som mange deltok på, også blant dei som til vanleg har sitt arbeid på kontor, på orgelkrakken eller i kyrkja.

Hausten 2020 vart og taket på Eid kyrkje reparert. Dette var det ei eigen kommunal løyving for å få gjort. Vurderinga var her at taket kunne utgjere ein fare for liv å helse med laus skifter.

4.3 Gravplassar

Vi kan med frimod seie at gravplassane våre får godt vedlikehald. Vi får stadig tilbakemeldingar på at vi har velstelte gravplassar i heile kommunen. Til saman har vi om lag 90 mål med gravplass som skal haldast og brukast. Ekstra utfordrande er det at høgsesongen fell saman med sommarferien, og vi er avhengig av ekstra hjelp i denne perioden.

I 2020 starta vi utviding av eit gravfelt som alt ligg inne på gravplassen på Varaldsøy. Her har vi grave litt i eksisterande massar, men vi ser at vi treng å køyre til nokre kubikk masse. Ved denne utvidinga som vi vil fullføre i 2021 vil truleg gravplassen vera stor nok for framtida med gjenbruk av dei eldste felta.

På gravplassen ved Ølve kyrkje har det vore knytt noko usikkerhet til status på massane for framtidige graver. I 2020 har vi difor gjort prøvegravingar. Dette har gjeve gode resultat og vi har tilfredstillande tilhøve på denne gravplassen og i åra som kjem.

På den gamle kyrkjegarden på Kaldestad står det ein gamal steinkross. Denne krossen er mellom anna opphavet til den årlege krossmessa på Kaldestad. Krossen har vore prega av mange år ute i all slags vær. Saman med lokale krefter har soknerådet fått pussa opp krossen. Mose er fjerna og skrifta har kome fram igjen.

Fellesrådet får over 3 år tilført 1,8 millionar kroner for å opparbeida minnelundar på gravplassane våre. Fyrst ut var Husnes, og i 2020 opna namna minnelund på gravplassen ved Kvinnherad kyrkje. Arbeidet her er utørt av gravplassmedarbeidarar i samarbeid med Cowi som har vore konsulent.



Minnelund ved gravplassen i Rosendal er no laga til. Avtroppande kyrkjevevje Erling Niclasen (midten) har skaffa midlane, medan Helge Furdal og Alf Jarle Langeland (t.v.) har gjort arbeidet.

Innvia minnelund nummer to i Kvinnherad

5.0 Aktivitetar i 2020

Til vanleg er det mykje som skjer i kyrkjene våre i løpet av eit år. Aktivitetsnivået i 2020 vart sjølvsagt mykje redusert pga covid-19, men ein del vart ført over på den digitale sendeflata.

Innan landet stengde ned 12. mars rakk vi m.a. å gjennomføre Nyttårskonsert i Valen kyrkje, Gospel-kveld i Ænes kyrkje, Pizzakveld i Valen kyrkje, stor konsert med Bjarte Leithaug og lokale barnekor i Kvinnherad kyrkje, Salmeslag med konfirmantane på Hatlestrand og i Kvinnherad kyrkje, konsert/show med «Han innante» og nokre temakveldar.

Vidare gjekk vi inn i ein periode der det meste måtte avlysast, og vi kom etter kvart igang med nokre digitale alternativ. I påsken hadde vi live-streaming frå Husnes kyrkje på Langfredag og frå Kvinnherad kyrkje 1. Påskedag. Her var det innleigde folk som tok seg av det tekniske, og vi hadde eit godt samarbeid med begge lokalavisene. Alt av påskekonserter, -gudstenester og andre samlingar vart avlyst.

Frå slutten av april la vi opp til nokre digitale ord for helga som vi publiserte på heimesida vår og på Facebook. Her brukte vi våre eigne ressursar og gjekk etter kvart til innkjøp av ein god lydopptakar, to kamera og stativ. Nokre av sjukeheimane har særleg sett pris på dette tilbodet, ettersom prestane ikkje har kunna kome på institusjonane og ha andakt mesteparten av året.

Til 17. mai hadde vi ei digital gudsteneste for heile kommunen. Det meste av gudstenesta var spelt inn i Valen kyrkje, Eid kyrkje og Kvinnherad kyrkje, men det var innslag frå alle dei 12 kyrkjene våre.

I slutten av mai vart det opna opp for gudstenester og andre samlingar igjen, men med ulike plassrestriksjonar. Gravferder har sjølvsagt blitt gjennomført gjennom heile året, men ein periode var det kun 15 stk som fekk lov til å vera til stades under seremonien i kyrkja. Talet på antal dåp ein kunne ha i vanlege gudstenester har og vore redusert, så i mange av kyrkjene våre har det vore ei rekkje eigne dåpsgudstenester.

Grunna smittesituasjonen måtte konfirmasjonane dette året flyttast til hausten. Konfirmasjons-gudstenestene i Kvinnherad, Hatlestrand og Ølve kyrkje vart streama live på internett. Det var Kjersti B. Boge og Torbjørn Storegjerde som stod i bresjen for dette. Torbjørn har, som ein del av konfirmant-opplegget i Kvinnherad, hatt ansvaret for live-streaming av nokre gudstenester utover hausten. Her har nokre av konfirmantane vore med og filma.

Nokon konsertar har det likevel blitt. Kantor Eva hadde saman med «Rustne menn» konsert i Uskedal i august. I oktober greidde vi å gjennomføre konsert med Cantus firmus i Kvinnherad kyrkje. Denne vart delt i to konsertar, slik at fleire kunne få det med seg. I Valen kyrkje inviterte soknerådet til konsert med John-Inge Rolfsnes.

Korona-situasjonen førte til ei rekkje avlysingar også då vi kom til advent og jul. I Uskedal kyrkje vart det gjennomført julekonsert med lokale aktørar. Her og vart det ein dobbel-konsert for å få plass til flest mogleg. I Åkra kyrkje var det julekonsert med Kloster Trio, med Tore Kloster i spissen.

Barnehagane, som ikkje fekk noko tilbod om påskevandring dette året, vart invitert til ei korona-tilpassa julevandring. Fleire barnehagar takka ja til å komme i kyrkja, medan eit par barnehagar fekk besøk i barnehagen der vi gjennomførte ei utandørs julevandring.

På julaftan var det fysiske gudstenester med påmelding og plassrestriksjonar i nokre av kyrkjene. Dette vart og dagen for ei felles digital gudsteneste for heile kommunen med lokale prestar og innslag frå fleire kyrkjer. Her var og barnekoret i Rosendal med på gudstenesta og ordføraren hadde ei innleiande helsing. Det er Jan-Ove Fagerheim som har hatt ansvaret for filming og redigering av dei digitale orda og digitale gudstenester 17. mai og på julaftan.

6.0 Årsmelding frå Trusopplæringa i Kvinnherad 2020

Babysong vart gjennomført annakvar veke i Valen kyrkje og på Rosendalstunet fram t.o.m. slutten av februar. Vi fann det ikkje forsvarleg å starte opp att om hausten i Valen kyrkje, fordi det kjem så mange der. I Rosendal fekk vi hatt nokre samlingar i Skålagata på kafé Hylleblomen i august-september. Sidan vi hadde lokalet for oss sjølve, song vi ilag. Det var veldig populært.

Småbarnstreff i Uskedalen hadde eit par samlingar tidleg på året og 2 ute-samlingar i haust ved Fjellandsbøvatnet. Den siste vart avlyst pga ingen kom.

Mini-musikal om Noah (1-3 år) vart gjort om til ei digital sending frå Uskedalen kyrkje og strand. Det var liten respons på tilbodet om å motta boka i etterkant. Uvisst kor mange som såg sendinga.

6-åringane fekk eigne samlingar i Valen, Uskedal, Kvinherad og Eid kyrkje på kvardagar. Dei fekk velje mellom fleire kveldar i september/oktober, etter kva skule dei går på. Vi la opp til mange samlingar, med 8-10 barn på kvar samling. Her var det godt oppmøte.

4-åringane vart inviterte i små grupper til Valen, Uskedal, Kvinherad og Eid kyrkje i oktober. Igjen fordelte vi samlingane på fleire kveldar. Samlinga i Kvinnherad kyrkje vart avlyst i siste liten pga ny nedstenging i samband med Korona-pandemien. Alle påmeldte der fekk boka levert heim.

5-åringane i Kvinnherad sokn vart invitert til søndagsskulen sin oppstart 27 september i Steinparken. Dette vart ei kjekk samling der vi laga oss båtar og testa desse. Ungane var med på dramatisering av Peters fiskefangst i Lukas kap.5.

Maria Hestad 8 år lagar båt
Foto: Trusopplæringa



5-åringane i Uskedal og Husnes og Holmedal sokn vart inviterte til Valen kyrkje i november. For 5-åringane på Halsnøy vart samlinga dessverre avlyst pga nedstenging. Soknerådet tok på seg å dele ut gåvene (Kirkerottene DVD) til alle 5-åringar i soknet.

Felles for samlingane for 4 – 5 – 6 åringane var at vi la godt til rette for aldersgruppene. Dei fekk høyre roleg piano og fløyte musikk då dei kom inn og registrerte seg. Dette skapte ein fin ro i gruppa frå starten av samlinga. Alle fekk sin eigen stol å sitte på i Valen kyrkje. Når vi berre hadde 8-10 barn i kvar gruppe var det mulig å spørje kvar og ein kva dei heitte. Vi hadde bibelforteljing på flanellograf. Barna fekk vera med og leika med fallskjerm eller eit langt tau i midtgangen, og seinare tenna lys. Det vart ikkje servert mat. Vi fekk gode tilbakemeldingar frå foreldre og besteforeldre.

7-8 åringane vart inviterte til Superhelt-gudsteneste med fokus på Kirkens Nødhjelp i februar/mars. Vi rakk å ha gudsteneste på ein kvardag i Eid og Kvinnherad kyrkje. I Valen, Uskedal og Hatlestrand kyrkje vart gudstenestene avlyst pga nedstenging i mars.

Barnesang i Hatlestrand gamle skule (0-8 år) hadde 2 samlingar tidleg på året. Det vart ikkje fleire samlingar her pga restriksjonar i samband med Korona-pandemien. I desember fekk alle barna ei helsing i posten frå trusopplæringa. Det vart heller ikkje gjennomført julevandring i Varaldsøy kyrkje.

Tårnagenthelg for 9 åringar hadde vi i Eid og Ølve kyrkje. Tårnagentane i Husnes kyrkje fekk ikkje ha si helg som var planlagt i mars.

Lys vaken for 10-åringar vart avlyst i november. Vi hadde planar om ei adventsamling for desse, men det vart ikkje høve til å samlast i adventstida heller. Skaparverkets dag i mai vart ikkje gjennomført som planlagt på Varaldsøy og i Rosendal.

11 åringane deltok på KodeB i januar. Her var barn frå nesten heile kommunen inviterte. Vi hadde ein kjekk dag ilag i Valen kyrkje.

12 åringane sin kyrkjekino «Narnia» i Uskedalen vart avlyst i november.

For 13 åringane har vi planar om ein pilgrimstur til Fjelberg kyrkje i august. Dette fekk vi ikkje prøvd ut i 2020.

14 åringane (med foreldre) fekk brev med invitasjon til å melda seg på til konfirmantundervisning.

Sjølve konfirmasjonane vart gjennomførte i august – oktober.

Etter konfirmasjonen får nokre sokn tilbod om MILK-kurs. Ingen har meldt seg til dette.

Bu-heima leiren i Omvikdalen vert rekna som «øvrige tiltak» for heile kommunen. Den vart arrangert i januar. Leiren var fullteikna med 56 barn frå 4 – 13 år. I tillegg hadde vi 9 hjelpeleiarar (frå ungdomsskulen og oppover). Nytt av året var gruppene «Svømming og livredning» i bassenget i Rosendal og «dans». Tilsaman 18 vaksne deltok, men alle var ikkje tilstades heile tida. Leiren er eit samarbeid mellom Omvikdalen søndagsskule og trusopplæringa.

Unni Molland 4 år på bu-heima leiren.



Foto: Grenda



Svømming og Livredning

Foto: Kvinnheringen

Planlegging fram i tid var ei utfordring i 2020. Det var vanskeleg å sjå lengre framover kva som var gjennomførbart. Vi haldt tett kontakt med kommune-overlegen, samstundes som vi prøvde å følgje med på kva foreldre synest var trygt at barna deira deltok på.

7.0 Sluttord

Kyrkjeverje meiner 2020 også for fellesrådet har vore eit spesielt og annleis år. Fyrst og fremst fordi pandemien har påverka drifta i stor grad. Samtidig har fellesrådet i 2020 i praksis mangla dagleg leiar/kyrkjeverje grunna sjukefråvær. Heldigvis har vi andre tilsette som har tatt ansvar for drifta av organisasjonen.

Kyrkjelege handlingar (i fyrste rekke gravferd/bisetjingar) har heile året blitt ivaretatt på ein god måte. Etter å ha summert opp året ser vi at det har vore stor grad av aktivitet i 2020 sjølv om noko av aktiviteten har vore annleis aktivitet.

Samla sett er kyrkjeverje si vurdering at kyrkja i Kvinnherad kan sjå tilbake på eit år som ein etter tilhøva har klart godt.

Me vil retta ein stor takk til alle samarbeidspartar, men Kvinnherad kommune og prosten i Sunnhordland som dei mest sentrale for godt samarbeid. Me vil og retta ei stor takk til alle uløna medarbeidarar som kvar veke gjer ein innsats for at kyrkjene vert stelt og fylt med innhald.

Godkjent i møte i fellesrådet 23.03.21